

Møtereferat

Til stede:	Bjørnar Belsvik, Tove Havnegjerde, Arne Styve,		
Forfall:	Mark Pasquine, Jone N. Knoph, Alida Midtbø		
Kopi til:	Marianne Vinje, Bente Schei Skagøy, Trygve Årsvold, Asgeir Vinkenes, Olav Sture, Rolf Viddal		
Gjelder:	Møte i LMU underutval i Ålesund 15.02.2017		
Møtetid:	1215 - 1400	Møtested:	KP2 Syd
Signatur:	Bente Alm		

04/17	REFERAT OG SAKSLISTE Vedlegg 1: Referat frå møte i underutvalet til LMU i Ålesund 12.01.2017 Referatet og saksliste vart godkjent.
05/17	MØTEREFERAT LMU 20.01.2017 Vedlegg 2 og 3: Referat frå møte i LMU, Trondheim 20.01.2017, vedlegg frå LMU-møtet.
06/17	STUDIEBAROMETERET 2016 Tala frå Studiebarometeret 2016 vart publisert 6. februar. Det har blitt publisert på https://sykepleien.no/2017/02/her-trives-studentene-best at NTNU i Ålesund har Noregs dårlegaste sjukepleieutdanning ut i frå trivsel. Bente Alm har vore kontaktperson for undersøkinga ved NTNU i Ålesund og vil orientere uLMU om saka. Det vart hengt plakatar på toaletta, lagt ut informasjon på Innsida og til e-post til dekanar om Studiebarometeret. Det var høg svarprosent for campus Ålesund. Campus går tilbake på nesten alle område i forhold til 2105. AMO hadde dei mest fornøgde studentane i 2016, medan AHF hadde dei minst fornøgde studentane. Sistnemnte institutt skal ta opp resultatet med studentane for å kartlegge årsakar. uLMU ber om at LMU etterspør ein handlingsplan frå «drift» om kva som blir gjort angående lokale og ventilasjonsanlegg ved campus. uLMU ønskjer tilbakemeldingar på denne.

Postadresse	Org.nr. 974 767 880	Besøksadresse	Telefon	Saksbehandler
7491 Trondheim Norway	postmottak@ntnu.no www.ntnu.no	Høgskoleringen 1 Hovedbygningen	+47 73595000	

07/17	<p>MØTEPLAN VÅR 2017</p> <p>Det vert møte i LMU 3. mars kl. 13-16, 5. mai kl. 9-12 og 2. juni kl. 9-12. Videokonferanserom F313 er reservert til 3. mars og 5. mai. Det vert møte i uLMU 19. april kl. 13-15 og 15. mai kl. 12-14. KP2 Vest er reservert 19. april. Det er i skrivande stund ikkje mogleg å reservere rom frå og med 15. mai.</p>
08/17	<p>RAPPORT FRÅ NSO OG OBSERVATØRAR I LMU/UNDERUTVAL TIL LMU</p> <p>NSO har laga ein rapport om LMU, sjå vedlegg 4. I samband med rapporten har det kome spørsmål om talet på observatørar i LMU og om desse skal ha eigne instruksar på kva rolla deira går ut på.</p> <p>Observatørar skal ha talerett i uLMU.</p> <p>Vedlegg 4: Rapport om LMU frå NSO.</p>
09/17	<p>ENDRING AV SEKRETÆR I UNDERUTVALET FOR LMU</p> <p>Bente Alm tek over rolla som sekretær i uLMU og vararepresentant Arne Styve er spurt om å ta over som tilsettrepresentant. Bente Alm sit som sekretær ut juli til ny organisering er bestemt.</p> <p>Arne Styve vil sitte som ansattrepresentant til neste val. Rektor har delegert myndigheit til viserektor ved NTNU i Ålesund til å utnemne ny vara.</p>
10/17	<p>EVENTUELT</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avvikssystemet, her bør det kome ei endring på korleis ein brukar avvikssystemet. - Korleis skal ein nå ut til studentane om LMU, og kven skal studentane kontakte om saker? Bente Alm kan halde opplæring om kvalitetssystemet for tillitsvalte. - Sak til LMU: det må bli satsa på internasjonalisering og kome fleire ressursar for å kunne auke kvaliteten/detaljnivået på utvekslingsavtalar. Uklart for studentar kva emne det er mogleg å ta på dei aktuelle avtalane, og som kan bli innpassa/erstatte emne i grada i Ålesund. Dette kan hjelpe til å auke talet på utreisande studentar.